

23456

**REKNEKAPSLAGA**  
på Jæren og Dalane



# NØKKELTAL 2016

KORN - POTET - MJØLK - OKSAR - AMMEKYR - GRIS - SAUEHALD - EGG - SLAKTEKYLLING

## INNHALDSLISTE

<b>INNLEIING .....</b>	<b>3</b>
<b>NØKKELTAL – NYTTEVERDI OG FORKLARING AV OMGREP BLANT TALA .....</b>	<b>4</b>
Kva er nøkkeltal? .....	4
Føremål og nytteverdi av nøkkeltal .....	4
Tolking av nøkkeltala som er presentert .....	4
Nøkkeltala må brukast med varsemd .....	4
Forklaring av enkelte nøkkeltal .....	5
<b>NØKKELTAL FOR DEI ENKELTE PRODUKSJONANE .....</b>	<b>7</b>
1. KORN .....	7
2. POTET .....	8
3. MJØLKEPRODUKSJON, PÅSETT UNDER 80% .....	9
4. MJØLKEPRODUKSJON, PÅSETT 80-120% .....	10
5. MJØLKEPRODUKSJON, PÅSETT OVER 120% .....	11
6. SAMANHENGEN MELLOM GAGNSLAM, AVDROTT, DEKNINGSBIDRAG, PÅSETTPROSENT OG KRAFTFORBRUK ETTER AUKANDE GAGNSLAM .....	12
7. ENDRING AV DEKNINGSBIDRAG I HUSDYRPRODUKSJONER 2012-2016 .....	13
8. OKSAR .....	14
9. AMMEKYR, PÅSETT UNDER 50% .....	15
10. AMMEKYR, PÅSETT OVER 50% .....	16
11. GRIS KOMBINERTPRODUKSJON .....	17
12. SMÅGRIS .....	18
13. SLAKTEGRIS .....	19
14. SAUEHALD .....	20
15. EGGPRODUKSJON .....	21
16. SLAKTEKYLLING .....	22
17. ENDRING I DEKNINGSBIDRAG PER DA 2012-2016 .....	23



## INNLEIING

2016 var eit år med ganske stabile dekningsbidrag i storfeproduksjonen. Det var kanskje litt mindre volum på grovfôrproduksjonen, men kvaliteten var betre, så resultatet vart ganske likt. DB i mjølkeproduksjonen har auka med ca. kr 900 pr. ku. I 2015 var auken kr 3900 pr. ku.

I kjøttproduksjon okse er auken kr 1.432. Dette er nok eit resultat av blant anna kvalitetstillegga som kom i 2016. Når det gjeld gris, har økonomien vore svært stabilt i 2016. I smågrisproduksjonen har prisane vore dårlegare, men ein har levert betre produksjonsresultat - som resulterer i at dekningsbidraget er svært likt fjoråret. DB i slaktegrisproduksjonen er lik året før.

Sauereproduksjonen viser reduksjon i DB med kr 336 pr. vinterfôra sau. Årsak er lågare slaktepris og ein del statusendringar (endring i statusendringar betyr at sauene i fjøset er blitt mindre verdt som følge av slakteverdien). Slaktekylling gjekk ned litt i 2016, ca. kr 0,70 mindre i DB per kylling, men volumet har auka mykje. For egg er markedet litt uoversiktlig og DB har gått ned med kr 15 pr høne.

Leverandørar til Nortura har ein medlemsbasert eigenkapital som er bygd opp på bekostning av pris det enkelte året. Dette må ein ta hensyn til når ein samanliknar oppnådd DB mot tal i heftet, som er ein blanding av leverandørar til ulike slakteri. Årleg slaktebonus som vert sett inn på denne eigenkapital-kontoen, og først utbetalt etter sju år, inngår ikkje i dekningsbidraget.

Med dette bakteppet presenterer Rekneskapslag på Jæren og Dalane nøkkeltal for 2016.

I analysen er det for kvar produksjon presentert tre grupper av nøkkeltal; middel, snitt 30% høgaste og snitt 30% lågaste. Me meiner at denne måten å presentera nøkkeltala på gjer interessant og robust informasjon om korleis nøkkeltala er i den enkelte produksjon. Vidare er det teke med ei forklaring av enkelte nøkkeltal som truleg treng litt utgreiing for å forståast, og for å forklare korleis desse nøkkeltala vert rekna ut.

Nøkkeltalstatistikken fokuserer på tala for 2016. Det er også teke med middeltal for 2015, 2014 og 2013 for den enkelte produksjon. Dette for å kunne sjå trendar og utvikling i nøkkeltala over tid. Når ein skal samanlikna tala mellom åra, må ein vera merksam på at det er ulikt tal analysar som ligg bak statistikken, der geografisk spreing av bruka som inngår i statistikken vil kunne ha innverknad.

### Tal analysar og geografisk fordeling av analysar i statistikken

Lag \ År	2016	2015	2014	2013	2012
Tveit Rekneskap Stavanger AS	11	10	11	13	16
HG-regnskap Sandnes SA	26	28	38	38	35
Gjesdal Rekneskap AS	63	75	76	82	89
Klepp Rekneskapslag SA	132	148	161	142	140
Time Rekneskapslag SA	40	50	49	62	49
Hå Rekneskapslag SA	123	100	116	121	124
Bjerkreim Rekneskapskontor AS	90	104	91	110	120
Lund Regnskapskontor AS	13	11	23	12	15
Sum	498	526	565	580	588

Kontaktpersoner for nøkkeltalanalysen er:

Jostein Røysland

Bjerkreim Rekneskapskontor AS

Telefon: 51 45 21 88

E-post: [jostein@bras.no](mailto:jostein@bras.no)

Per Herikstad

Hå Rekneskapslag SA

Telefon: 51 43 24 47

E-post: [per.herikstad@hgrl.no](mailto:per.herikstad@hgrl.no)

# NØKKELTAL – NYTTEVERDI OG FORKLARING AV OMGREP BLANT TALA

## Kva er nøkkeltal?

Nøkkeltalanalysen er i prinsippet ein driftsgrein-analyse. Analysen viser kva dekningsbidrag (DB) kvar enkelt produksjon gjev. Dekningsbidraget skal dekke faste kostnader, arbeidsvederlag og kapitalkostnader.

Vi har valt å kalle dette ein nøkkeltalanalyse, då den inneheld ein del meir informasjon enn ein tradisjonell driftsgreinanalyse, t.d. oppnådde prisar, maskinkostnad pr. eining.

## Føremål og nytteverdi av nøkkeltal

Nøkkeltala skal gje deg som gardbrukar eit måltal for oppnådd økonomisk resultat i produksjonen. Dette måltalet kan du nytta til å samanlikna mot statistikken for denne produksjonen, og dermed sette deg mål for kva økonomisk resultat du ynskjer å oppnå. Nøkkeltalet kan også nyttast til feilsøking dersom du ikkje oppnår ønska dekningsbidrag. Du kan også følge eiga utviklinga frå år til år.

Ved å samanlikna nøkkeltala kan vi måle økonomisk utvikling i den enkelte produksjon over tid. Bankar og Innovasjon Norge vil ofte krevje at driftsplan/ budsjett må underbyggast med ein nøkkeltalanalyse.


Nøkkeltala er viktige då dei byggjer på analyse av reelt oppnådde produksjonsresultat og rekneskapstal frå eit breidt utval av produsentar.

## Tolking av nøkkeltala som er presentert

Det er vist tre kolonnar av informasjon:


- Middel – er gjennomsnitt av alle tala i analysen
- Høgaste 30% - dette er gjennomsnittet av dei 30% høgaste DB
- Lågaste 30% - dette er gjennomsnittet av 30% lågaste DB

Ved å ta snittet av ei gruppe vil me få ei vekting av nøkkeltalet som tek omsyn til kor mange bruk som



ligg kor på skalaen innafor gruppa. Dermed vert nøkkeltalet meir robust.

Det fortel noko om nøkkeltalet for føretaka i denne enden av skalaen, og ikkje bare for nokre få føretak som oppnår dette talet.



Desse kolonnane er kategorisert etter DB per husdyr - utanom i mjølkeproduksjon der det er skilja ved hjelp av DB per liter.

## Nøkkeltala må brukast med varsemd

I den enkelte produksjon viser linja "Tal bruk" kor mange føretak som fått utarbeida analysen.

For produksjonar med lågt tal bruk må informasjonen brukast med stor varsemd, då resultatet frå eit enkelt bruk får stor innverknad på tala for denne produksjonen. Dess fleire bruk som har fått utarbeida analyse for ein produksjon, dess sikrere blir dermed statistikkgrunnlaget for denne produksjonen.

Nøkkeltalanalysar vert utarbeida som betalingsoppdrag frå våre kundar. Vårt inntrykk er at det er ei overvekt av dei fagleg interesserte kundane, og dei kundane som får rimeleg gode økonomiske resultat, som oftast er interessert i å få utarbeida nøkkeltalanalyse. Dermed kan nøkkeltala vera noko betre enn det næringa generelt oppnår.

Elles er det også skilje på dei naturgitte vilkåra (t.d. høgd over havet, jordsmonn o.l.) mellom dei enkelte gardane som inngår i statistikken. Dette vil også verke inn på oppnådde resultat.

## Forklaring av enkelte nøkkeltal

Nedanfor har vi forklart enkelte nøkkeltal, kva som ligg bak desse tala, og kva dei måler/gjev uttrykk for.

### DB m/tilskot

Nøkkeltalet viser DB pr. produsert eining inkludert produksjonstilskot som er direkte knyta til denne produksjonen. Areal- og kulturlandskapstilskotet er inkludert i husdyrproduksjonane. Desse tilskota er fordelt mellom dei ulike grovfôrproduksjonane i føretaket i same forhold som dei variable kostnadane til grovfôret er fordelt mellom desse produksjonane.

### DB pr. daa grovfôr areal

Dekningsbidrag i aktuell produksjon dividert på daa grovfôr som denne produksjonen nyttar. Nøkkeltalet viser kva den aktuelle produksjonen «betalar» for kvart daa grovfôr. Om grovfôrealet er ein avgrensande faktor på garden, er dette eit viktig nøkkeltal for å sjå om denne faktoren er godt utnytta. Nøkkeltalet er også interessant til å samanlikne kva DB ulike produksjonar gjev pr. daa grovfôr, dersom ein vurderer å endre produksjon / bruk av arealet.

### DB pr. m<sup>2</sup> husdyrrom/bingeareal

Totalt dekningsbidrag i produksjonen dividert på m<sup>2</sup> husdyrrom. Husdyrrom skal forståast som dei romma der det er husdyr. Bygningsareal til kontor, vaskerom, fôrlager og liknande er ikkje husdyrrom. Dette nøkkeltalet gjev uttrykk for kva inntjening 1 m<sup>2</sup> husdyrrom i bygningen har. Innafor slaktegris, eggproduksjon og slaktekylling finnes det ulike produksjonskonsept som har ulik produksjonstid og produksjonseffektivitet – t.d. PrimaGris, industrikylling. Dermed vil det ikkje vera mogleg å samanlikna DB pr. dyr direkte ved ulike konsept.

### DB pr. kull /pr. årspurke – smågrisproduksjon

- DB pr. kull er totalt dekningsbidrag i smågrisproduksjon dividert på totalt tal kull gjennom året.
- DB pr. purke er totalt dekningsbidrag i smågrisproduksjonen dividert på tal årspurker.

Ut frå definisjonen over vil utrekning av tal årspurker krevje nøyaktige registreringar gjennom

heile året. Vår erfaring er at det er ulikt kor nøye dette vert gjort. DB per purke må difor brukast med varsemd.

### Produsert tal gris pr. kull / årspurke

- Totalt produsert tal gris dividert på tal årspurker
- Totalt produsert tal gris dividert på totalt tal grisekull pr. år.

### Framfôringsprosent – smågris

Tal smågris som blir fôra fram til slakt, dividert på totalt tal smågris + slaktegris frå besetninga. Nøkkeltalet gjev dermed uttrykk for kor stor del av alle smågris som blir fôra fram til slaktegris i eigen besetning.

### Gagnslam pr. vinterfôra sau

Gagnslam er dei lamma som har blitt til gagn /nytte. Dvs. lamma som enten er blitt slakta, selde til livs eller er i besetninga pr. 31.12., dividert på tal vinterfôra sauer.

### Korrigerde dekar pr. "kueining"

Dette nøkkeltalet består av to omgrep som må forklarast:

#### *Korrigerde daa (dekar):*

Sum daa fulldyrka jord og overflatedyrka jord til eng og beite, dividert på 1 + sum daa kulturbeite dividert på 2,5. Døme: 100 daa fulldyrka jord + 65 daa kulturbeite =  $100 + 65/2,5 = 126$  korrigerde daa.

#### *Kueining:*

Ei kueining er grovfôretande dyr pr. år etter følgjande omrekningsfaktor:

- 1 ku
- 1 avlsokse
- Ungdyr > 1 år dividert på 4
- Ungdyr < 1 år dividert på 8
- Sauer og lam dividert på 8 – 10 alt etter innslag av utmarksbeite
- Geit og kje dividert på 5

Desse omrekningsfaktorane er grunnlaget når kostnader til grovfôrproduksjon og maskin-kostnader til grovfôretande dyr skal fordelast mellom dei ulike dyreslaga.

Dersom tal korrigerde dekar pr. "kueining" er høgare enn snittet, betyr dette at garden/føretaket

i utgangspunktet bør ha rikeleg tilgang på grovfôr. Er talet lågare enn snittet, kan dette bety at grovfôrarealet er avgrensa, og / eller at garden tek høge avlingar pr. daa. Dette talet må i denne samanheng sjåast saman med dei andre utgiftene til fôr og dei naturgjevne forholda eininga driv under.

#### Maskinkostnader pr. daa / pr. liter

I maskinkostnadene inngår vedlikehald av maskinar og traktorar, leasing av maskinar, maskinleige, drivstoff, forsikring, 15% avskrivning av maskinar og traktorar samt andre små-investeringar under aktiveringsgrense. Rentekostnaden er ikkje med.

Dette nøkkeltalet kjem fram ved at den enkelte gardbrukar fordeler dei totale maskinkostnadane i rekneskapet skjønnsmessig mellom aktuelle produksjonar i føretaket.

For dei grovfôrbaserte produksjonane (storfe, sau og geit) vert maskinkostnadene fordelt mellom desse produksjonane etter same forhold som grovfôrkostnadene i korrigererte daa pr. "kueining". Men her i dette nøkkeltalet vert det lagt til grunn at 10 daa kulturbeite = 1 daa fulldyrka jord.

Nøkkeltalet gjev dermed uttrykk for kor mykje maskinkostnader produksjonen krev ut frå det produksjonsopplegget som er valt på bruket. For grovfôrproduksjonane er det ikkje sortert noko mellom mekaniseringslinjene for grovfôr.

#### Maskinkostnader kraftfôrbaserte produksjonar

Dette er maskinkostnader direkte knyta til kraftfôrbaserte produksjonar, fastsett ved skjønn av kunde. I tillegg vil kostnad til borttransport av husdyrgjødsel inngå her. Husdyrgjødsel frå kraftfôrbaserte produksjonar som blir brukt i eigen grovfôrproduksjon vert belasta grovfôrproduksjonen.

#### Nyttbar kalv pr. ammeku

Dette er kalvane som har blitt til gagn /nytte. Dvs. sum kalvar som har blitt slakta, selde til livs eller er i besetninga pr. 31.12., dividert på tal ammekyr.

#### Påsettprosent – mjølkeku og ammeku

Dette er forholdet mellom kyr og ungdyr (dvs. andre storfe) i snitt pr. 01.01. og 31.12. Er dette forholdet «ei ku til to ungdyr», er påsettprosenten 100. Nøkkeltalet gjev uttrykk for kor stor del av fødte kalvar som blir fôra fram til eiga rekruttering av nye kyr /sal av livkviger, og slakt av oksar.

Påsettprosent på 120% kan oppnåast ved at kalvane frå kvigene blir inkludert i besetninga, dvs. at det er rask utskifting av kyrne. Besetningar med påsettprosent over 120% er inkludert innkjøpte kalvar til framfôring. Denne gruppa blir nytta fordi det er for vanskeleg å isolere dei innkjøpte kalvane som eiga produksjonsgruppe i form av okseoppdrett/livdyr.

I føretaka er det forskjell på innretting i strategi, bygningskapasitet og disponibelt arealgrunnlag hjå dei som driv desse produksjonane. Det er difor viktig å nytte påsettprosent som eit kriterium når oppnådde DB og produksjonsresultat frå ulike føretak skal samanliknast.

#### Variable grovfôrkostnader pr. daa

Kostnader pr. daa grovfôr til gjødsel, kalk, såfrø, plantevern og konserveringsmidlar i grovfôrproduksjonen, men ikkje rundballeplast.

For å ta omsyn til at grovfôrarealet består både av fulldyrka jord, overflatedyrka jord og innmarksbeite med ulike avlingsnivå, er det gjort same utrekninga av daa grovfôrareal som under "Korrigererte daa pr. kueining".

#### % dyr på utmarksbeite – sau

Dette er tal dyr som har fått tilskot frå beite på utmarksbeite, dividert på totalt tal dyr om sommaren.

# NØKKELTAL FOR DEI ENKELTE PRODUKSJONANE

## 1. KORN

KORN 2016						
Nøkkeltal				2015	2014	2013
	Høgaste 30%	Alle	Lågaste 30%	Alle	Alle	Alle
Tal bruk		40		27	28	28
Db pr dekar u/tilskot	1 196	813	431	694	930	738
Db pr dekar m/tilskot	1 374	1 016	606	921	1 316	1 047
Oppnådd pris pr kg	2,45	2,43	2,44	2,40	2,41	2,20
Maskinkostnader pr da	877	760	652	725	940	830
Kornavling pr dekar	546	443	317	413	483	435
Tal dekar	140	142	172	109	120	141
<b>Dekningsbidrag pr da korn</b>	<b>Høgaste 30%</b>	<b>Alle</b>	<b>Lågaste 30%</b>	<b>Alle</b>	<b>Alle</b>	<b>Alle</b>
PRODUKSJONSINNTEKTER						
Korn	1 336	1 077	766	997	1 165	978
Halm	195	113	64	89	117	109
Beholdn.endring korn og halm	0	0	-1	10	0	2
<b>Produksjonsinntekter i alt:</b>	<b>1 531</b>	<b>1 191</b>	<b>829</b>	<b>1 096</b>	<b>1 282</b>	<b>1 089</b>
VARIABLE KOSTNADAR						
Gjødsel, kalk	135	173	190	199	143	140
PlantevernAlle	71	76	76	63	66	67
Såkorn	116	120	122	127	128	127
Andre kostnader	13	9	9	13	15	17
<b>Sum variable kostnader:</b>	<b>335</b>	<b>378</b>	<b>398</b>	<b>402</b>	<b>352</b>	<b>351</b>
<b>Dekningsbidrag pr dekar u/tilskot</b>	<b>1 196</b>	<b>813</b>	<b>431</b>	<b>694</b>	<b>930</b>	<b>738</b>
<b>Dekningsbidrag pr dekar m/tilskot</b>	<b>1 374</b>	<b>1 016</b>	<b>606</b>	<b>921</b>	<b>1 316</b>	<b>1 047</b>

Årlig	2017			2016	2015	2014	2013
Leiepris per daa i Rogaland	Høgaste	Middel	Lågaste	Middel	Middel	Middel	Middel
Korn, god jord	700	583	475	616	579	480	485

### Merknad:

I kornproduksjon er det ikkje skilja mellom ulike kornsortar, men det er i all hovudsak bygg som inngår i statistikken.

Tal for leiepris på jord er henta frå Landbruksdirektoratet sine nettsider, og gjeld statistikk for heile Rogaland

## 2. POTET

POTET 2016						
Nøkkeltal	Høgaste 30%	Alle	Lågaste 30%	2015 Alle	2014 Alle	2013 Alle
Tal bruk		15		14	15	13
Db pr dekar u/tilskot	6 104	3 938	1 608	3 978	4 458	3 885
Db pr dekar m/tilskot	6 326	4 166	1 834	4 270	4 724	4 201
Oppnådd pris pr kg	3,52	3,51	2,92	3,05	2,60	2,93
Maskinkostnader pr da	2 458	2 651	2 734	2 491	2 333	2 114
Potetavling pr dekar	2 863	2 009	1 628	2 310	2 577	2 293
Tal dekar	55	78	71	54	95	47
Dekningsbidrag pr da potet	Høgaste 30%	Alle	Lågaste 30%	Alle	Alle	Alle
PRODUKSJONSINNTEKTER						
Potet	8 659	6 076	4 088	6 168	6 045	4 815
Beholdn.endring	332	381	-281	-50	194	495
Andre inntekter	6	8	17	6	21	13
<b>Produksjonsinntekter i alt:</b>	<b>8 997</b>	<b>6 465</b>	<b>3 824</b>	<b>6 124</b>	<b>6 260</b>	<b>5 323</b>
VARIABLE KOSTNADAR						
Gjødsel, kalk	551	639	752	558	508	497
PlantevernAlle	505	432	377	348	369	305
Settepotet	919	1 103	1 068	869	750	570
Emballasje	4	23	3	93	48	11
Andre kostnader	914	329	15	278	126	54
<b>Sum variable kostnader:</b>	<b>2 894</b>	<b>2 527</b>	<b>2 216</b>	<b>2 146</b>	<b>1 802</b>	<b>1 438</b>
<b>Dekningsbidrag pr dekar u/tilskot</b>	<b>6 104</b>	<b>3 938</b>	<b>1 608</b>	<b>3 978</b>	<b>4 458</b>	<b>3 885</b>
<b>Dekningsbidrag pr dekar m/tilskot</b>	<b>6 326</b>	<b>4 166</b>	<b>1 834</b>	<b>4 270</b>	<b>4 724</b>	<b>4 201</b>

Årlig	2017			2016	2015	2014	2013
	Høgaste	Middel	Lågaste	Middel	Middel	Middel	Middel
Leiepris per daa i Rogaland	800	<b>699</b>	600	685	816	688	652
Potet, god jord							
Grønsak god jord	1050	<b>1002</b>	975	1011	1025	1016	1138

### Merknad:

I potetproduksjon inngår både matpotet og fabrikkpotet.

Potet omsett gjennom egne gardsutsal og liknande inngår ikkje i statistikken.

Tal for leiepris på jord er henta frå Landbruksdirektoratet sine nettsider, og gjeld statistikk for heile Rogaland



### 3. MJØLKEPRODUKSJON, PÅSETT UNDER 80%

MJØLKEPRODUKSJON, Påsett < 80% 2016						
				2015	2014	2013
Nøkkeltal	Høgaste 30%	Alle	Lågaste 30%	Alle	Alle	Alle
Tal bruk		137		160	173	170
Db pr liter	4,72	4,00	3,25	3,91	3,46	3,36
Db pr årsku	32 352	28 427	23 475	27 532	24 007	22 908
Db pr. dekar grovfôr	4 070	3 904	3 430	3 717	3 137	3 082
Db m/tilskot pr dekar grovfôr	5 489	5 479	5 050	5 310	4 671	4 691
Oppnådd mjølke-pris pr liter	5,73	5,51	5,28	5,35	5,09	4,84
Oppnådd slakte-pris pr kg kjøt	48,60	48,34	47,86	47,00	45,16	43,97
Variabel grovfôrkostnad pr daa	337	389	431	390	416	406
Maskinkostnadar pr daa	990	1 288	1 496	1 265	1 247	1 129
Maskinkostnadar pr liter	1,13	1,15	1,17	1,17	1,17	1,04
Leveranse mjølk pr årsku	6 861	7 143	7 305	7 029	6 957	6 830
Påsettprosent	65 %	62 %	58 %	62 %	62 %	61 %
Kvoteoppfyllingsprosent	97 %	99 %	101 %	98 %	93 %	97 %
Korrigerde dekar pr "kueining"	6,5	5,9	5,7	6,1	6,2	6,2
Årskyr	32,9	33,8	34,3	31,7	31,4	28,4
Mjølkekvote	240 140	252 419	254 524	236 340	243 822	204 576
Dekningsbidrag pr ku	Høgaste 30%	Alle	Lågaste 30%	Alle	Alle	Alle
PRODUKSJONSINNTEKTER						
Mjølke	39 396	39 269	38 152	37 780	35 390	33 164
Slakt	7 637	7 363	7 432	7 443	8 618	9 754
Livdyrsal	2 881	2 402	2 020	2 189		
Buskap, beholdn.endring	1 096	872	402	1 070	503	649
Andre inntekter	532	328	187	452	518	364
<b>Produksjonsinntekter i alt:</b>	<b>51 542</b>	<b>50 233</b>	<b>48 193</b>	<b>48 933</b>	<b>45 029</b>	<b>43 931</b>
VARIABLE KOSTNADAR						
Eigen Grovforproduksjon	3 208	3 398	3 806	3 125	3 592	4 402
Kjøpt grovfôr, Beiteleige storfe	233	673	1 120	846		
Kraftfôr mm	12 052	13 245	14 396	13 158	13 063	12 649
Veterinær, medisn, semin mm	2 021	2 141	2 286	2 034	1 920	1 688
Innkjøp dyr	478	984	1 771	1 101	1 144	1 218
Andre utgifter	1 198	1 359	1 341	1 137	1 303	1 066
<b>Sum variable kostnadar:</b>	<b>19 190</b>	<b>21 801</b>	<b>24 719</b>	<b>21 401</b>	<b>21 022</b>	<b>21 023</b>
<b>Dekningsbidrag pr ku u/tilskot</b>	<b>32 352</b>	<b>28 427</b>	<b>23 475</b>	<b>27 532</b>	<b>24 007</b>	<b>22 908</b>
<b>Dekningsbidrag pr ku m/tilskot</b>	<b>44 251</b>	<b>40 152</b>	<b>34 606</b>	<b>39 518</b>	<b>35 830</b>	<b>35 174</b>

Årlig	2017			2016	2015	2014	2013
Leiepris per daa i Rogaland	Høgaste	Middel	Lågaste	Middel	Middel	Middel	Middel
Beite, kultur	300	147	50	147	130	101	114
Beite, utmark	30	14	0	15	10	12	22
Grasproduksjon, god jord	600	437	220	408	416	367	368
Grasproduksjon, dårlig jord	350	176	100	163	205	166	171

#### Merknad:

Tal for leiepris på jord er henta frå Landbruksdirektoratet sine nettsider, og gjeld statistikk for heile Rogaland

#### 4. MJØLKEPRODUKSJON, PÅSETT 80-120%

MJØLKEPRODUKSJON, Påsett 80-120% 2016						
				2015	2014	2013
Nøkkeltal	Høgaste 30%	Alle	Lågaste 30%	Alle	Alle	Alle
Tal bruk		120		124	132	117
Db pr liter	5,64	4,67	3,66	4,41	3,82	3,78
Db pr årsku	39 201	33 247	27 878	31 999	26 736	25 456
Db pr. dekar grovfør	4 620	4 060	3 569	4 037	3 248	3 149
Db m/tilskot pr dekar grovfør	5 855	5 358	4 857	5 475	4 603	4 558
Oppnådd mjølke-pris pr liter	5,56	5,49	5,33	5,26	4,96	4,80
Oppnådd slakte-pris pr kg kjøt	53,55	51,42	50,30	50,70	48,61	46,51
Variabel grovførkostnad pr daa	331	381	442	396	403	419
Maskinkostnader pr daa	1 189	1 244	1 382	1 261	1 182	1 142
Maskinkostnader pr liter	1,40	1,28	1,26	1,29	1,26	1,25
Leveranse mjølk pr årsku	6 985	7 162	7 636	7 284	7 048	6 837
Påsettprosent	100 %	97 %	96 %	97 %	96 %	95 %
Kvoteoppyllingsprosent	98 %	97 %	100 %	99 %	97 %	98 %
Korrigerte dekar pr "kueining"	5,9	6,0	6,0	6,0	6,2	6,2
Årskyr	45,1	39,9	39,5	39,4	36,1	33,7
Mjølkekvote	333 821	302 525	310 755	300 261	268 929	240 829
Dekningsbidrag pr ku	Høgaste 30%	Alle	Lågaste 30%	Alle	Alle	Alle
<b>PRODUKSJONSINNTEKTER</b>						
Mjølke	38 797	39 351	40 734	38 308	34 922	32 587
Slakt	17 185	14 075	11 349	13 973	13 183	14 279
Livdyrsal	1 607	1 581	2 011	1 294		
Buskap, beholdn.endring	1 408	1 745	1 626	1 316	914	1 151
Andre inntekter	392	284	296	353	394	341
<b>Produksjonsinntekter i alt:</b>	<b>59 389</b>	<b>57 037</b>	<b>56 016</b>	<b>55 244</b>	<b>49 412</b>	<b>48 359</b>
<b>VARIABLE KOSTNADAR</b>						
Eigen Grovforproduksjon	2 588	3 558	4 555	3 061	4 095	5 195
Kjøpt grovfør, Beiteleige storfe	537	855	1 226	1 117		
Kraftfôr mm	13 511	14 917	16 723	14 962	14 671	13 648
Veterinær, medisin, semin mm	1 734	2 078	2 566	1 892	1 869	1 783
Innkjøp dyr	577	1 040	1 645	972	784	1 122
Andre utgifter	1 241	1 343	1 425	1 241	1 257	1 156
<b>Sum variable kostnader:</b>	<b>20 188</b>	<b>23 790</b>	<b>28 139</b>	<b>23 246</b>	<b>22 677</b>	<b>22 904</b>
<b>Dekningsbidrag pr ku u/tilskot</b>	<b>39 201</b>	<b>33 247</b>	<b>27 878</b>	<b>31 999</b>	<b>26 736</b>	<b>25 456</b>
<b>Dekningsbidrag pr ku m/tilskot</b>	<b>49 600</b>	<b>44 006</b>	<b>38 145</b>	<b>43 452</b>	<b>38 055</b>	<b>37 075</b>

## 5. MJØLKEPRODUKSJON, PÅSETT OVER 120%

MJØLKEPRODUKSJON, Påsett > 120% 2016						
Nøkkeltal				2015	2014	2013
	Høgaste 30%	Alle	Lågaste 30%	Alle	Alle	Alle
Tal bruk		41		31	36	34
Db pr liter	6,43	5,40	4,28	5,3	4,72	4,45
Db pr årsku	44 568	39 171	33 976	38 200	33 661	30 201
Db pr. dekar grovfôr	4 357	3 928	3 679	4 139	3 724	3 470
Db m/tilskot pr dekar grovfôr	5 716	5 168	4 834	5 562	5 131	4 755
Oppnådd mjølke-pris pr liter	5,53	5,50	5,46	5,28	5,01	4,81
Oppnådd slakte-pris pr kg kjøt	55,81	54,54	54,11	54,08	51,99	47,68
Variabel grovfôrkostnad pr daa	454	425	447	392	427	381
Maskinkostnader pr daa	938	1 066	1 186	1 314	1 312	1 183
Maskinkostnader pr liter	1,54	1,45	1,33	1,54	1,48	1,42
Leveranse mjølk pr årsku	6 884	7 286	7 894	7 250	7 216	7 103
Påsettprosent	186 %	163 %	157 %	168 %	181 %	168 %
Kvoteoppfyllingsprosent	98 %	99 %	100 %	100 %	97 %	95 %
Korrigerte dekar pr "kueining"	6,0	6,7	6,8	6,1	5,9	5,9
Årskyr	41,1	40,6	49,3	41,6	38,8	39,6
Mjølkekvote	294 623	306 309	397 232	305 451	293 476	301 851
<b>Dekningsbidrag pr ku</b>	<b>Høgaste 30%</b>	<b>Alle</b>	<b>Lågaste 30%</b>	<b>Alle</b>	<b>Alle</b>	<b>Alle</b>
<b>PRODUKSJONSINNTEKTER</b>						
Mjølke	37 653	40 022	43 141	38 257	36 061	33 458
Slakt	35 628	26 547	18 525	28 280	28 600	30 817
Livdyrsal	910	1 538	1 839	2 203		
Buskap, beholdn.endring	4 474	2 321	1 256	1 406	1 924	1 885
Andre inntekter	779	729	196	516	684	448
<b>Produksjonsinntekter i alt:</b>	<b>79 445</b>	<b>71 157</b>	<b>64 957</b>	<b>70 663</b>	<b>67 268</b>	<b>66 607</b>
<b>VARIABLE KOSTNADAR</b>						
Eigen Grovforproduksjon	5 996	5 264	5 728	4 176	6 301	6 135
Kjøpt grovfor, Beiteleige storfe	1 757	1 094	989	1 918		
Kraftfôr mm	19 385	18 652	18 544	18 990	18 928	19 097
Veterinær, medisin, semin mm	2 097	2 324	2 660	2 183	2 345	1 886
Innkjøp dyr	5 395	3 700	1 309	3 998	4 370	8 185
Andre utgifter	867	1 264	1 751	1 198	1 663	1 103
<b>Sum variable kostnader:</b>	<b>35 496</b>	<b>32 299</b>	<b>30 982</b>	<b>32 462</b>	<b>33 606</b>	<b>36 407</b>
<b>Dekningsbidrag pr ku u/tilskot</b>	<b>43 949</b>	<b>38 859</b>	<b>33 976</b>	<b>38 200</b>	<b>33 661</b>	<b>30 201</b>
<b>Dekningsbidrag pr ku m/tilskot</b>	<b>58 061</b>	<b>51 438</b>	<b>44 779</b>	<b>51 204</b>	<b>46 275</b>	<b>42 100</b>

### Leigepriis mjølkekvote, pr liter

År	Lågaste	Høgaste
2017	0,6	1,7
2016	0,8	1,6
2015	0,7	1,2
2014	0,5	0,8
2013	0,45	0,6

### Merknad:

Statistikk på leiepris for mjølkekvote pr. liter er fått frå Norsk Landbruksrådgjeving Rogaland. Merk at etterspørselen kan forandre seg gjennom året, og dermed pris.


Snittpris på all kvote som er formidla av Norsk Landbruksrådgjeving Rogaland har i 2017 vært kr 1,24.

## 6. SAMANHENGEN MELLOM GAGNSLAM, AVDROTT, DEKNINGSBIDRAG, PÅSETTPROSENT OG KRAFTFORFORBRUK ETTER AUKANDE GAGNSLAM

Denne grafen er laga for å vise samanhengen mellom gagnslam, dekningsbidrag, påsett-prosent og kraftfôr-forbruk. Eller sagt med andre ord. Ein prøver finne svar på spørsmål som:

- Kor mykje auka dekningsbidraget ved auka gagnslam (lam som blir slakta, selt eller påsette til liv)?
- Fører auka tal gagnslam til at sauene går raskare ut?
- Kor stor er kraftfôr-kostnaden pr. kg produsert kjøtt ved aukande gagnslam?

Grafen er laga på følgjande måte: Først er alle besetningane med under 20 vf sau strokne. Så er alle analysane på sau sortert etter nøkkeltalet "gagnslam" (definert side 5). Deretter er det rekna eit gjennomsnitt av dei lågaste 10 (målt etter tal gagnslam) besetningane. Og så eit snitt av dei neste 10, og så neste 10, osv, 18 grupper i alt. Gruppennummeret finn ein på den vertikale aksa.



Så litt om dei einskilde "strekene":

### • **Gagnslam pr vf. sau (raud strek).**

Analysane er sortert etter stigande tal gagnslam pr. vf. sau. Grafen startar på 1 gagnslam pr. vf. sau, og endar på 2,2. Dette viser spreinga av tal gagnslam i analysane som inngår i denne grafen.

### • **Påsettprosent (gul strek).**

Dette er prosent –delen med lam 1.1. og 31.12., i forhold til alle sauene og lam desse datoane. Denne varierer mellom 23,6 og 31,1%, og har kanskje ein litt aukande tendens med auka tal gagnslam. Om ein samanliknar snittet av dei 50 besetningane som har høgast gagnslam med dei 50 besetningane med lågast, er påsett-prosenten 28,1% i høgaste-gruppa, mot 27,3% i lågaste. Ut frå dette ser ikkje påsett-prosenten ut å bli vesentleg auka ved auka gagnslam pr. vf. sau.

### • **Kraftfôr-kostnad pr. produsert kg kjøtt (blå strek).**

Kraftfôr-kostnaden er her, i tillegg til direkte kraftfôr, også kostnad til mineral-/ tilskots-fôr og mjølkeerstatning. Det må nok også nemnast at i mange


besetningar er det både storfe og sau, og kraftfôret vert gjeve av same kraftfôr-tanken, og fordelt skjønnsmessig mellom desse produksjonane. Grafen viser at denne kostnaden varierer mellom 13 og 21 kr pr. produsert kg kjøtt, men startar og sluttar på temmeleg samt punkt, om lag kr 15 pr. produsert kg kjøtt. Det var kanskje venta at kraftfôr-kostnaden pr. produsert kg kjøtt, ville minke med auka gagnslam. Elles viser denne grafen at når kostnaden går opp, har dekningsbidraget ein tendens til å gå ned.

### • **Dekningsbidrag u/ tilskot pr. vf sau (grøn strek)**

Dette dekningsbidraget starta på kr 51 og endar på kr 1300. Det svingar noko opp og ned, men likevel med ein relativt jamn auke fram til 12. gruppe. Der er det oppe i eit dekningsbidrag på kr 528 og tal gagnslam 1,71 pr. vf sau. Kraftfôr-kostnaden her er kr 15,50 pr. produsert kg sauekjøtt. Men frå der av vert kurva brattar og endar på eit dekningsbidrag på kr 1 300, 2,2 gagnslam, ein kraftfôr-kost pr. produsert kg kjøtt på kr 15 og ein påsett-prosent på 27,2%.



## 7. ENDRING AV DEKNINGSBIDRAG I HUSDYRPRODUKSJONER 2012-2016



### Kommentar:

Grafen viser endring i prosent DB siste 5 åra. Vi får då fram utvikling i perioden og kan samanlikne dei ulike produksjonane.

Alle har ei positiv utvikling med unntak av egg som har vore prega av overproduksjon og ekstra marknadsregulering etter forbod om tradisjonelle bur kom.

På sau har siste åra vore prega av lågare prisar på grunn av for mykje kjøt. Dermed har ein auke i DB første åra i perioden forsvunne i siste åras reduksjon.

Gris er nok kunstig høg på grunn av dårlege prisar i 2011 som var året før denne grafen og veldig løft i DB frå 2011 til 2012

Storfeproduksjon generelt har hatt ei positiv utvikling og auka verdi på slakt dreg oppover.

At DB inkl. tilskot er lågare enn auke i DB utan tilskot viser at auke i produktpris har vore større enn auke i tilskot. Det vil seie at området til Jæren og Dalane har nedgang i overføring av tilskot pr. dyr og hentar stadig større del av inntekta frå marknaden (sau er unntaket).

## 8. OKSAR

OKSAR 2016						
				2015	2014	2013
Nøkkeltal	Høgaste 30%	Alle	Lågaste 30%	Alle	Alle	Alle
Tal bruk		11		17	12	11
Db pr okse	10 581	7 304	4 363	5 872	4 978	6 787
Db pr dekar grovfôr	6 422	4 107	2 835	3 311	4 503	3 668
Db m/tilskot pr dekar grovfôr	7 604	5 079	3 808	4 323	5 418	4 606
Oppnådd pris pr kg slakt	56,65	56,85	57,29	55,63	54,74	50,35
Snitt slaktepris pr okse	20 089	19 078	18 179	17 808	15 850	15 395
Snitt kjøpspris pr kalv	5 515	5 114	4 359	5 231	4 106	3 720
Snitt slaktepris - kjøpspris pr okse	14 574	13 964	13 820	13 003	11 745	11 806
Variabel grovfôrkostnad pr daa	446	398	437	396	470	379
Maskinkostnadar pr daa	1 323	1 277	1 601	1 368	1 474	1 431
Slaktevekt pr okse	342	326	311	312	291	306
Korrigerte dekar pr "kueining"	6,1	5,9	4,8	7,0	7,8	7,0
Tapsprosent	0 %	3,41 %	10,14 %	2,26 %	0,24 %	
Tal oksar	38	47	44	48	108	48
Dekningsbidrag pr okse	Høgaste 30%	Alle	Lågaste 30%	Alle	Alle	Alle
PRODUKSJONSINNTEKTER						
Slakt	19 924	17 809	15 232	16 342	15 312	15 695
Livdyrsal	0	509	1 057	945		
Buskap, beholdn.endring	1 033	2 108	4 345	-701	-544	-520
Andre inntekter	68	55	0	65	175	397
<b>Produksjonsinntekter i alt:</b>	<b>21 026</b>	<b>20 340</b>	<b>20 370</b>	<b>16 652</b>	<b>14 943</b>	<b>15 573</b>
VARIABLE KOSTNADAR						
Eigen Grovforproduksjon	554	952	1 279	974	1 613	1 797
Kjøpt grovfôr, Beiteleige storfe	591	487	247	301		
Kraftfôr mm	4 287	5 221	6 608	4 375	4 282	3 737
Veterinær, medisn, semin mm	46	172	241	136	39	54
Innkjøp dyr	4 997	6 040	7 217	4 261	3 947	3 110
Andre utgifter	-30	165	416	732	84	88
<b>Sum variable kostnadar:</b>	<b>10 445</b>	<b>13 036</b>	<b>16 007</b>	<b>10 779</b>	<b>9 965</b>	<b>8 786</b>
<b>Dekningsbidrag pr okse u/tilskot</b>	<b>10 581</b>	<b>7 304</b>	<b>4 363</b>	<b>5 872</b>	<b>4 978</b>	<b>6 787</b>
<b>Dekningsbidrag pr okse m/tilskot</b>	<b>12 893</b>	<b>9 279</b>	<b>6 177</b>	<b>7 733</b>	<b>6 669</b>	<b>8 462</b>

### Merknad:

I statistikken inngår okseoppdrett basert både på egne oksar og innkjøpte oksar.

## 9. AMMEKYR, PÅSETT UNDER 50%

AMMEKYR < 50% påsett 2016						
Nøkkeltal	Alle			2015	2014	2013
	Høgaste 30%	Alle	Lågaste 30%	Alle	Alle	Alle
Tal bruk		10		14	15	14
Db pr ammeku	11 646	7 351	2 391	7 789	5 059	5 692
Db pr dekar grovfôr	1 882	1 741	283	1 504	691	890
Db m/tilskot pr dekar grovfôr	3 193	3 723	1 589	3 268	2 403	2 644
Oppnådd kjøttpris pr kg slakt	41,12	44,96	51,59	52,10	51,37	52,25
Variabel grovfôrkostnad pr da	354	430	568	363	398	312
Maskinkostnadar pr da	1 568	1 722	2 356	938	1 386	1 225
Påsettprosent	29 %	31 %	31 %	28 %	38 %	27 %
Snitt slaktevekt kyr	259	290	312	322	290	273
Nyttbar "kalv" pr ku	1	1,03	1	0,96	0,94	0,9
Korrigerte dekar pr "kueining"	4,7	5,3	5,6	6,9	5,7	5,9
Tal ammekyr	15	13	11	18	21	15,6
<b>Dekningsbidrag pr ku</b>	<b>Høgaste 30%</b>	<b>Alle</b>	<b>Lågaste 30%</b>	<b>Alle</b>	<b>Alle</b>	<b>Alle</b>
PRODUKSJONSINNTEKTER						
Livdyrsal	9 335	7 711	5 475	6 449	3 944	4 831
Slakt	2 051	3 266	1 730	5 964	6 434	6 885
Buskap, beholdn.endring	6 639	4 936	6 422	2 830	1 888	1 624
Andre inntekter	0	72	187	293	378	283
<b>Produksjonsinntekter i alt:</b>	<b>18 025</b>	<b>15 986</b>	<b>13 816</b>	<b>15 536</b>	<b>12 644</b>	<b>13 623</b>
VARIABLE KOSTNADAR						
Eigen Grovforproduksjon	1 505	2 527	3 970	2 515	3 156	3 955
Kjøpt grovfor, Beiteleige storfe	609	566	388	1 092		
Kraftfôr mm	776	1 403	1 019	1 726	2 309	1 436
Veterinær, medisin, semin mm	443	376	161	268	564	371
Livdyr	2 144	3 007	5 235	1 726	1 080	1 252
Andre kostnadar	903	756	650	420	476	916
<b>Sum variable kostnadar:</b>	<b>6 379</b>	<b>8 635</b>	<b>11 424</b>	<b>7 747</b>	<b>7 585</b>	<b>7 931</b>
<b>Dekningsbidrag pr ku u/tilskot</b>	<b>11 646</b>	<b>7 351</b>	<b>2 391</b>	<b>7 789</b>	<b>5 059</b>	<b>5 692</b>
<b>Dekningsbidrag pr ku m/tilskot</b>	<b>23 907</b>	<b>17 608</b>	<b>11 358</b>	<b>19 193</b>	<b>16 341</b>	<b>17 013</b>

### Merknad:

I statistikken for ammeku inngår både:

- tunge og lette rasar
- driftsopplegg der kalven blir solgt etter fyrste beitesesong og besetningar med fullt påsett/framføring av alle kalvar.

## 10. AMMEKYR, PÅSETT OVER 50%

AMMEKYR > 50% påsett 2016						
Nøkkeltal	Høgaste 30%	Alle	Lågaste 30%	2015	2014	2013
				Alle	Alle	Alle
Tal bruk		16		20	17	24
Db pr ammeku	17 408	9 364	2 314	9 312	7 094	7 393
Db pr dekar grovfôr	2 258	1 303	424	1 371	999	951
Db m/tilskot pr dekar grovfôr	3 635	2 941	2 654	2 977	2 559	2 557
Oppnådd kjøttpris pr kg slakt	68,67	58,39	55,75	56,98	51,67	50,56
Variabel grovfôrkostnad pr da	301	336	352	320	298	362
Maskinkostnadar pr da	1 211	1 292	1 756	1 519	1 145	1 019
Påsettprosent	82 %	78 %	67 %	80 %	85 %	85 %
Snitt slaktevekt kyr	336	321	308	292	298	284
Nyttbar "kalv" pr ku	0,97	0,93	0,71	0,92	0,83	0,9
Korrigerte dekar pr "kueining"	6,8	5,6	4,2	5,5	6,6	6,2
Tal ammekyr	30	23	20	18	13	16,1
<b>Dekningsbidrag pr ku</b>	<b>Høgaste 30%</b>	<b>Alle</b>	<b>Lågaste 30%</b>	<b>Alle</b>	<b>Alle</b>	<b>Alle</b>
PRODUKSJONSINNTEKTER						
Livdyrsal	8 952	5 965	4 228	5 319	1 624	4 340
Slakt	17 451	11 197	5 628	12 844	12 639	10 371
Buskap, beholdn.endring	3 868	2 912	2 691	1 375	924	2 289
Andre inntekter	238	161	0	694	377	391
<b>Produksjonsinntekter i alt:</b>	<b>30 509</b>	<b>20 235</b>	<b>12 547</b>	<b>20 232</b>	<b>15 565</b>	<b>17 391</b>
VARIABLE KOSTNADAR						
Eigen Grovforproduksjon	2 579	2 931	3 011	2 829	2 807	3 636
Kjøpt grovfôr, Beiteleige storfe	2 114	1 811	3 207	926		
Kraftfôr mm	5 697	3 173	1 230	2 644	2 385	2 252
Veterinær, medisin, semin mm	876	1 009	335	827	951	505
Livdyr	1 354	1 518	2 347	2 746	1 854	2 788
Andre kostnadar	482	429	103	948	474	818
<b>Sum variable kostnadar:</b>	<b>13 101</b>	<b>10 871</b>	<b>10 233</b>	<b>10 920</b>	<b>8 471</b>	<b>9 997</b>
		0				
<b>Dekningsbidrag pr ku u/tilskot</b>	<b>17 408</b>	<b>9 364</b>	<b>2 314</b>	<b>9 312</b>	<b>7 094</b>	<b>7 393</b>
<b>Dekningsbidrag pr ku m/tilskot</b>	<b>28 759</b>	<b>20 370</b>	<b>14 515</b>	<b>21 139</b>	<b>18 905</b>	<b>18 729</b>

### Merknad:

I statistikken for ammeku inngår både:

- tunge og lette rasar
- driftsopplegg der kalven blir solgt etter fyrste beitesesong og besetningar med fullt påsett/framføring av alle kalvar.



## 11. GRIS KOMBINERTPRODUKSJON

GRIS KOMBINERTPRODUKSJON 2016						
Nøkkeltal	Høgaste 30%	Alle	Lågaste 30%	2015	2014	2013
				Alle	Alle	Alle
Tal bruk		17		23	33	23
Db pr purke	26 725	18 774	11 395	22 086	15 118	12 020
Db pr kull	11 102	8 438	5 733	10 022	7 119	5 553
Db pr m2 bingearéal	1 519	1 169	919	1 747	1 081	1 048
Oppnådd kjøtpris pr kg slakt	27,66	27,01	26,44	27,53	24,59	23,77
Oppnådd pris pr smågris	1 013	1 012	1 039	1 065	942	886
Maskinkostnader pr purke	738	830	659	872	842	911
Maskinkostnader pr kull	309	369	343	413	389	459
Produsert tal gris pr purke	29,7	23,3	17,6	24,0	21,8	20,3
Produsert tal gris pr kull	12,1	10,3	8,6	10,5	10,0	9,9
Framføringsprosent	80 %	89 %	96 %	87 %	89 %	95 %
Årspurker	51	47	38	51	46	41
Tal kull	139	110	77	119	105	96
<b>Dekningsbidrag pr purke</b>	<b>Høgaste 30%</b>	<b>Alle</b>	<b>Lågaste 30%</b>	<b>Alle</b>	<b>Alle</b>	<b>Alle</b>
<b>PRODUKSJONSINNTEKTER</b>						
Smågris	6 390	4 251	3 194	3 370	2 889	2 572
Slaktegris	53 986	45 411	37 519	46 617	39 181	34 405
Purkeslakt	2 608	2 224	1 671	2 012	1 837	2 364
Buskap, beholdn.endring	386	-1 561	-2 563	1 715	921	380
Andre inntekter	0	0	0	6	48	33
<b>Produksjonsinntekter i alt:</b>	<b>63 369</b>	<b>50 325</b>	<b>39 821</b>	<b>53 720</b>	<b>44 876</b>	<b>39 527</b>
<b>VARIABLE KOSTNADER</b>						
Kraftfor og anna for	33 453	27 750	22 673	27 983	25 677	23 591
Veterinær, medisin, inseminering	1 872	1 640	1 458	1 557	1 650	1 516
Livdyr	2 189	2 655	4 165	2 265	2 427	2 364
Andre kostnader	-870	-494	130	-171	3	35
<b>Sum variable kostnader:</b>	<b>36 644</b>	<b>31 552</b>	<b>28 425</b>	<b>31 634</b>	<b>29 758</b>	<b>27 507</b>
<b>Dekningsbidrag pr purke u/tilskot</b>	<b>26 725</b>	<b>18 774</b>	<b>11 395</b>	<b>22 086</b>	<b>15 118</b>	<b>12 020</b>
<b>Dekningsbidrag pr purke m/tilskot</b>	<b>27 309</b>	<b>19 431</b>	<b>12 160</b>	<b>22 932</b>	<b>15 951</b>	<b>12 738</b>

### Merknad:

I statistikken inngår driftsanalyser for smågrisprodusentar som driv kombinert slakte- og smågrisproduksjon, der mange fôrar fram ein svært stor del av fødte smågris.

- Dette gjeld produsentar som fôrar fram over 50% av smågrisen (ref. framføringsprosent)

## 12. SMÅGRIS

SMÅGRISPRODUKSJON 2016						
Nøkkeltal				2015	2014	2013
	Høgaste 30%	Alle	Lågaste 30%	Alle	Alle	Alle
Tal bruk		29		25	30	23
Db pr purke	22 430	15 742	10 382	15 833	13 503	8 218
Db pr kull	8 910	6 761	4 783	6 677	6 368	3 879
Db pr m2 bingearal	1 839	1 551	1 031	1 650	1 898	990
Oppnådd kjøtpriis pr kg slakt	24,40	22,35	23,38	24,52	21,36	19,08
Oppnådd pris pr smågris	1 094	1 064	1 002	1 078	952	852
Maskinkostnader pr purke	533	695	811	1 018	665	563
Maskinkostnader pr kull	263	304	271	383	274	280
Produsert tal gris pr purke	30,3	26,4	23,1	25,5	25,5	23,7
Produsert tal gris pr kull	11,9	11,4	10,5	11,1	11,6	10,6
Framføringsprosent	25 %	17 %	18 %	21 %	19 %	16 %
Årspurker	109	106	76	81	106	78
Tal kull	287	251	177	197	236	177
<b>Dekningsbidrag pr purke</b>	<b>Høgaste 30%</b>	<b>Alle</b>	<b>Lågaste 30%</b>	<b>Alle</b>	<b>Alle</b>	<b>Alle</b>
<b>PRODUKSJONSINNTEKTER</b>						
Smågris	26 440	24 476	20 576	22 408	19 540	18 169
Slaktegris	15 619	8 425	6 570	11 455	8 136	5 271
Purkeslakt	2 221	2 161	1 843	1 896	1 797	1 876
Buskap, beholdn.endring	-366	-926	-705	245	2 080	-378
Andre inntekter	255	83	6	29	69	32
<b>Produksjonsinntekter i alt:</b>	<b>44 168</b>	<b>34 219</b>	<b>28 290</b>	<b>36 032</b>	<b>31 622</b>	<b>24 969</b>
<b>VARIABLE KOSTNADER</b>						
Kraftfor og anna for	19 193	15 469	14 333	16 612	15 016	12 838
Veterinær, medisin, inseminering	2 059	1 944	2 118	1 958	1 867	1 813
Livdyr	581	1 096	1 506	1 732	1 206	2 025
Andre kostnader	-95	-32	-49	-102	29	75
<b>Sum variable kostnader:</b>	<b>21 738</b>	<b>18 477</b>	<b>17 907</b>	<b>20 199</b>	<b>18 118</b>	<b>16 751</b>
<b>Dekningsbidrag pr purke u/tilskot</b>	<b>22 430</b>	<b>15 742</b>	<b>10 382</b>	<b>15 833</b>	<b>13 938</b>	<b>8 218</b>
<b>Dekningsbidrag pr purke m/tilskot</b>	<b>22 697</b>	<b>15 999</b>	<b>10 679</b>	<b>16 313</b>	<b>14 319</b>	<b>8 569</b>

### Merknad:

I statistikken inngår driftsanalyser for smågrisprodusentar som driv både:

- rein smågrisproduksjon, dvs. sal av alle fødte smågris ut over dei som blir behaldt til eiga rekruttering
- kombinert smågrisproduksjon, dvs. framføring av ein del av fødte smågris, i tillegg til sal av smågris
- Dette gjeld produsentar som fôrar fram under 50% av smågrisen (ref framføringsprosent)

### 13. SLAKTEGRIS

SLAKTEGRIS 2016						
				2015	2014	2013
Nøkkeltal	Høgaste 30%	Alle	Lågaste 30%	Alle	Alle	Alle
Tal bruk		84		82	82	86
Db pr slaktegris	489	375	247	376	308	265
Db pr m2 bingearreal	1 166	1 075	979	991	800	538
Oppnådd kjøpris pr kg slakt	28,86	28,28	27,95	28,33	25,38	24,54
Snitt slaktepris pr gris	2 442	2 333	2 242	2 369	2 035	1 929
Snitt kjøpspris pr smågris	1 099	1 068	1 059	1 095	940	866
Snitt slaktepris - kjøpspris pr. gris	1 342	1 265	1 183	1 275	1 095	1 062
Maskinkostnad pr slaktegris	62	43	40	39	32	31
Slaktevekt pr slaktegris	84,1	82,3	80,2	83,6	80,1	78,6
Tapsprosent	2,6 %	3,0 %	3,6 %	3,0 %	1,97 %	
Tal slaktegris	1 448	1 257	1 214	1 183	1 248	1 212
Dekningsbidrag pr gris	Høgaste 30%	Alle	Lågaste 30%	Alle	Alle	Alle
<b>PRODUKSJONSINNTEKTER</b>						
Slakt	2522	2384	2280	2349	2022	1915
Buskap, beholdn.endring	-22	-31	-58	24	29	29
Andre inntekter	0	0	0	0	1	1
<b>Produksjonsinntekter i alt:</b>	<b>2500</b>	<b>2353</b>	<b>2223</b>	<b>2374</b>	<b>2052</b>	<b>1946</b>
<b>VARIABLE KOSTNADAR</b>						
Kraftfôr mm	875	876	876	889	814	781
Veterinær, medisin, semin mm	6	5	5	4	3	3
Innkjøp dyr	1143	1111	1103	1116	936	902
Andre kostnader	-14	-13	-8	-11	-10	-6
<b>Sum variable kostnader:</b>	<b>2011</b>	<b>1978</b>	<b>1976</b>	<b>1998</b>	<b>1744</b>	<b>1681</b>
<b>Dekningsbidrag pr gris u/tilskot</b>	<b>489</b>	<b>375</b>	<b>247</b>	<b>376</b>	<b>308</b>	<b>265</b>
<b>Dekningsbidrag pr gris m/tilskot</b>	<b>497</b>	<b>385</b>	<b>257</b>	<b>391</b>	<b>323</b>	<b>277</b>

#### Merknad:

I statistikken inngår driftsanalyser for slaktegrisprodusentar basert på innkjøpt smågris.

- Smågrisprodusentar som fôrar opp egne smågris til slaktegris inngår anten i statistikken for smågris- og kombinertproduksjon eller smågris kombinertproduksjon.

## 14. SAUEHALD

SAUEHALD 2016						
Nøkkeltal				2015	2014	2013
	Høgaste 30%	Alle	Lågaste 30%	Alle	Alle	Alle
Tal bruk		187		215	246	265
Db pr vf sau	1 178	603	85	935	885	660
Db pr. dekar grovfor	1 439	738	92	1 153	1 065	833
Db m/tilskot pr. dekar grovfor	3 712	3 060	2 462	3 553	3 258	2 919
Snitt kjøttpris pr kg slakt	58,17	53,65	49,98	56,70	55,91	51,92
Variabel grovforkostnad pr. da.	401	392	416	402	410	390
Maskinkostnader pr da	1 278	1 338	1 366	1 324	1 217	1 203
Snitt slakt pr vf sau	38,6	32,2	26,9	33,0	33,0	30,6
Gagnslam pr. vf sau	1,82	1,60	1,43	1,53	1,57	1,49
Korrigerte dekar pr "kueining"	5,6	5,8	5,4	6,2	6,2	6,2
Tal vf sau	109	110	105	102	96	93
% dyr på utmarksbeite	54 %	66 %	75 %	68 %	67 %	71 %
Dekningsbidrag pr sau	Høgaste 30%	Alle	Lågaste 30%	Alle	Alle	Alle
PRODUKSJONSINNTEKTER						
Ull	168	159	143	166	151	158
Slakt	2 209	1 727	1 381	1 846	1 849	1 672
Livdyrsal	97	61	43	81		
Buskap, beholdn.endring	-79	-54	-76	75	100	1
Andre inntekter	22	21	23	29	40	44
<b>Produksjonsinntekter i alt:</b>	<b>2 416</b>	<b>1 916</b>	<b>1 514</b>	<b>2 196</b>	<b>2 141</b>	<b>1 875</b>
VARIABLE KOSTNADAR						
Eigen Grovforproduksjon	340	371	396	376	441	467
Kjøp grovfor	51	93	152	89		
Beiteleige	22	23	23	19	21	20
Kraftfôr mm	516	515	534	475	476	450
Veterinær, medisin, semin mm	125	125	135	120	113	112
Innkjøp dyr	31	42	49	51	57	36
Andre kostnader	153	144	140	128	148	130
<b>Sum variable kostnader:</b>	<b>1 238</b>	<b>1 313</b>	<b>1 428</b>	<b>1 257</b>	<b>1 256</b>	<b>1 215</b>
<b>Dekningsbidrag pr sau u/tilskot</b>	<b>1 178</b>	<b>603</b>	<b>85</b>	<b>939</b>	<b>885</b>	<b>660</b>
<b>Dekningsbidrag pr sau m/tilskot</b>	<b>3 088</b>	<b>2 494</b>	<b>1 942</b>	<b>2 918</b>	<b>2 782</b>	<b>2 382</b>

### Merknad:

I statistikken inngår driftsanalyser for sauebesetningar med ulike rasar, men hovudtyngden av analysane er frå besetningar med Norsk Kvit Sau.



## 15. EGGPRODUKSJON

HØNER, EGG 2016						
				2015	2014	2013
Nøkkeltal	Høgaste 30%	Alle	Lågaste 30%	Alle	Alle	Alle
Tal bruk		19		20	24	26
Db pr høne	93	74	50	89	81	102
Db pr m2 bingearreal	671	801	871	1 296	922	1 054
Oppnådd eggpris pr kg	14,26	14,33	14,70	14,45	14,51	14,83
Maskinkostnad egg; pr høne	4,79	4,03	2,79	5,39	6,63	9,54
Eggeleveranse pr høne	17,9	17,70	16,7	17,90	17,47	17,97
Tal høns	7 283	7 363	7 483	7 417	6 761	6 812
Dekningsbidrag pr høne	Høgaste 30%	Alle	Lågaste 30%	Alle	Alle	Alle
PRODUKSJONSINNTEKTER						
Egg	255	253	244	259	256	271
Buskap, beholdn.endring	27	5	-8	0	-2	4
Andre inntekter	4	1	0	4	2	3
<b>Produksjonsinntekter i alt:</b>	<b>286</b>	<b>260</b>	<b>237</b>	<b>263</b>	<b>256</b>	<b>266</b>
VARIABLE KOSTNADAR						
Kraftfôr mm	149	146	146	142	141	134
Veterinær, medisin, mm	0	0	0	0	0	0
Innkjøp dyr	46	38	39	32	35	41
Andre kostnader	-3	1	2	-1	-1	0
<b>Sum variable kostnader:</b>	<b>192</b>	<b>186</b>	<b>187</b>	<b>173</b>	<b>175</b>	<b>175</b>
<b>Dekningsbidrag pr høne u/ tilskot</b>	<b>93</b>	<b>74</b>	<b>50</b>	<b>89</b>	<b>81</b>	<b>102</b>
<b>Dekningsbidrag pr høne m/ tilskot</b>	<b>100</b>	<b>81</b>	<b>56</b>	<b>95</b>	<b>88</b>	<b>109</b>

### Merknad:

I statistikken inngår bare analysar frå konsumeggprodusentar.


## 16. SLAKTEKYLLING

SLAKTEKYLLING 2016						
Nøkkeltal				2015	2014	2013
	Høgaste 30%	Alle	Lågaste 30%	Alle	Alle	Alle
Tal bruk		31		30	36	32
Db pr slaktekylling	7,19	5,82	4,09	6,50	8,16	8,45
Db pr m2 bingereale	960	793	488	728	912	1 083
Oppnådd kr pr kg kjøt	18,95	18,92	18,90	19,13	19,44	19,23
Oppnådd pris pr slaktekylling	26,06	25,68	25,35	25,73	26,20	26,27
Snitt kjøpspris pr slaktekylling	6,14	6,11	6,09	5,98	5,57	5,30
Differanse slakt / kjøp pr. kylling	19,92	19,57	19,26	19,75	20,62	20,97
Slaktevekt pr kylling	1,41	1,36	1,30	1,32	1,35	1,37
Tapsprosent	4,20 %	5,30 %	6,88 %	5,06 %		
Maskinkostnad kylling; pr kylling	0,32	0,45	0,47	0,39	0,39	0,25
Tal slaktekylling	186 208	163 254	138 752	117 378	118 097	126 917
Dekningsbidrag pr kylling	Høgaste 30%	Alle	Lågaste 30%	Alle	Alle	Alle
<b>PRODUKSJONSINNTEKTER</b>						
Slakt	26,61	25,63	24,98	25,59	26,71	26,26
Buskap, beholdn.endring	0,42	0,37	-0,07	-0,31	-0,14	0,40
Andre inntekter	0,12	0,07	0,04	0,04	0,07	0,02
<b>Produksjonsinntekter i alt:</b>	<b>27,15</b>	<b>26,07</b>	<b>24,95</b>	<b>25,32</b>	<b>26,63</b>	<b>26,68</b>
<b>VARIABLE KOSTNADAR</b>						
Kraftfôr mm	13,56	13,52	13,51	12,54	12,55	12,49
Veterinær, medisin, semin mm	0,03	0,02	0,03	0,01	0,01	0,01
Innkjøp dyr	6,46	6,49	6,63	6,19	5,75	5,54
Andre kostnader	-0,09	0,22	0,70	0,08	0,15	0,19
<b>Sum variable kostnader:</b>	<b>19,96</b>	<b>20,25</b>	<b>20,86</b>	<b>18,83</b>	<b>18,47</b>	<b>18,24</b>
<b>Dekningsbidrag pr kylling u/tilskot</b>	<b>7,19</b>	<b>5,82</b>	<b>4,09</b>	<b>6,50</b>	<b>8,16</b>	<b>8,45</b>
<b>Dekningsbidrag pr kylling m/tilskot</b>	<b>7,19</b>	<b>5,82</b>	<b>4,09</b>	<b>6,51</b>	<b>8,17</b>	<b>8,45</b>

### Merknad:

I statistikken inngår produsentar med noko ulike produksjonskonsept, dvs. ulik tyngde på kyllingen når den blir slakta.

## 17. ENDRING I DEKNINGSBIDRAG PER DA 2012-2016



### Kommentar:

Grafen viser utvikling i DB siste 5 åra på ulike produksjonar. Grafen viser DB inkl. tilskot og er delt på areal. På denne måten kan ein samanlikne kjøttproduksjon og planteproduksjon.

Vi ser at dei arbeidsintensive produksjonane gir høgare DB målt pr. arealeining. Desse har ofte og høgare maskinkostnader pr. daa som skal dekkast av DB.



**REKNESKAPSLAGA**  
på Jæren og Dalane

## Rekneskapslaga på Jæren og Dalane

Møllevegen 4, 4360 VARHAUG  
per.herikstad@hgrl.no  
51 43 24 47  
www.rekneskapslaga.no

**Bjerkreim Rekneskapskontor AS**  
Nesjane 3, 4389 VIKESÅ  
post@bras.no  
51 45 21 88

**Gjesdal Regnskap AS**  
Krambugt. 15, 4330 Ålgård  
gjesdal@gjr.no  
51 61 54 00  
www.gjesdal-regnskap.no

**HG-regnskap Sandnes SA**  
Hoveveien 46, 4306 SANDNES  
hg@hgregnskap.no  
51 68 62 00  
www.hgregnskap.no

**Hå Rekneskapslag SA**  
Møllevegen 4, 4360 VARHAUG  
haa@hgrl.no  
51 79 97 50  
www.hgrl.no

**Klepp Rekneskapslag SA**  
Postvegen 209, 4353 KLEPP STASJON  
klepp@grl.no  
51 78 69 90  
www.kleppgrl.no

**Lund Regnskapskontor AS**  
Sirdalsveien 38, 4376 HELLELAND  
post@lundregnskap.no  
51 40 24 00  
www.lundregnskap.no

**Sola Regnskap SA**  
Sandevn. 32, 4050 SOLA  
srl@solaregnskap.no  
51 71 99 30

**Time Rekneskapslag SA**  
Hognestadv. 86, 4344 BRYNE  
post@time-rekneskapslag.no  
51 77 18 00  
www.time-rekneskapslag.no

**Tveit Regnskap Stavanger AS**  
Gartnerveien 41, 4016 STAVANGER  
post@tveit.no  
52 76 71 00  
www.tveit.no



**REKNESKAPSLAGA**  
på Jæren og Dalane